

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet i Vik kommune

Møtebok

Møtedato: 13.06.2023

Møtetid: Kl. 14.00-15.30

Møtestad: Kommunehuset, møterom Vikjao

Saksnr.: 09/23 - 10/23

Følgjande medlem møtte	Parti
Ronny Holen	SP
Marta Finden Halset	AP
Bjarne Larsen	AP
Björg Hønsi Aafedt	SP
Ragnvald Grov Sørđal	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Andre møtedeltakarar	Rolle	
Geir Svendsen	Konstituert rådmann	Sak 10
Nils Geir Myrkaskog	Rådgjevar økonomi	Sak 10

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Ronny Holen
Frå sekretariatet møtte:	Kristine Lie, PwC
Frå revisjonen møtte:	
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	Møtet var lukka under deler av sak 10.

Underskrifter:

SAKLISTE

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

9/2023 Godkjenning av møtebok
10/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sak 9/2023 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	13-06.2023	9/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 10.05.2023 vert godkjent.

13.06.2023 KONTROLLUTVALET

Sak 09/2023 Vedtak

Møteboka frå møtet 10.05.2023 vert godkjent.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 10/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Kristine Lie	Møtedato 13.06.2023	Saknr 10/2023
--------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	01.06.2023	Sogn og Fjordane Holding AS	a) Innkalling til generalforsamling i Sogn og Fjordane Holding AS b) Årsrekneskap 2022 Sogn og Fjordane Holding AS c) Uevhengig revisors beretning d) Orientering frå styret for 2022
2	Juni 2023	FKT	Ny lovproposisjon om endringer i kommuneloven m.m.
3	02.06.2023	Rådmannen	a) Orientering til kontrollutvalet - faktiske forhold kring utbetaling av faktura til Augestad Maskin AS b) Faktura Augestad Maskin AS c) Økonomireglement Vik kommune
4	12.06.2023	Formannskapet	a) Rapport om finansforvaltning per 3. tertial 2023. <i>Ettersendt.</i> b) Finansrapport Vik kommune 3. tertial 2023. <i>Ettersendt.</i>
5	12.06.2023	Formannskapet	a) Budsjett 2023 - revidert pr. 1. tertial. <i>Ettersendt.</i> b) Tertialrapport drift 1. tertial 2023. <i>Ettersendt-</i>
6	12.06.2023	Formannskapet	Investeringsrekneskap 1. tertial 2023. <i>Ettersendt.</i>
7	12.06.2023	Formannskapet	Nøkkeltal - budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027. <i>Ettersendt.</i>

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

13.06.2023 KONTROLLUTVALET

Orienteringar

Konstituert rådmann Geir Svendsen orienterte kontrollutvalet om faktiske forhold kring utbetaling av faktura til Augestad Maskin AS, samt kommunen sine prosedyrar for mottakskontroll, attestering og tilvising i samband med utbetaling av faktura.

Møtet var lukka under delar av rådmannen si orientering.

Rådgjevar økonomi Nils Geir Myrkaskog orienterte om:

- Rapport om finansforvaltning pr. 3. tertial 2022, herunder status for forvaltning av ledig likviditet og andre midlar berekna for driftsføremål, samt status for gjeldsforvaltninga i Vik kommune.
- Vidare orienterte rådgjevar økonomi om Budsjett for 2023, revidert per 1. tertial, der formannskapet har fremja framlegg til kommunestyret om å endre rammene for drift med til saman kr. 3.586.000, der størsteparten skriv seg til auka ramme innan helse- og velferd. I tillegg vert rammene til oppvekst og samfunn auka. Vik kommune finansierer auka rammer til drift ved bruk av konsesjonskraftfondet.

Rådgjevar økonomi synte vidare til at trekk i rammetilskotet grunna ekstraordinære kraftinntekter er redusert frå MNOK 49,2 til MNOK 14,4. Budsjettet vert saldert ved bruk av konsesjonskraftfondet, der bruken av fondet totalt vert redusert med om lag MNOK 36,5.

- Rådgjevar økonomi orienterte vidare om investeringsreknskap for 1. tertial 2023, som i hovudsak syner rebudsjetteringar av unytta budsjettløyingar for 2022, i tillegg til nokre mindre endringar i investeringsbudsjett for 2023.

Når det gjeld investeringar for 2022 som ikkje vart fullført og som dermed får auka budsjetttramme i 2023, så utgjer dette samla MNOK 7,14. Prosjekta tek i hovudsak med seg finansiering frå 2022, og der dette ikkje er mogleg vert mogleg vert tiltaka finansiert ved bruk av konsesjonskraftfondet.

- Rådgjevar økonomi orienterte vidare om årsmelding for Vik kommune sitt kraftfond 2022.
- Rådgjevar økonomi orienterte om nøkkeltal knytt til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027, der formannskapet gjorde vedtak om å legge fram for kommunestyret framlegg til at følgjande finansielle måltal og nivå vert nytta for budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027:
 - Netto driftsresultat - større enn 2 % av driftsinntektene
 - Netto lånegjeld - mindre enn 125 % av driftsinntektene
 - Lånegjeld per innbyggjar - mindre enn kr. 190.000
 - Disposisjonsfond - større enn 10% av driftsinntektene

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

- Renter og avdrag - mindre enn 10% av driftsinntektene
- Netto finans og avdrag - mindre enn 6% av driftsinntektene

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål til konstituert rådmann og rådgjevar økonomi.

Drøfingsaker:

Kontrollutvalet vart samde om å endre tidspunkt for møtestart for møte 4 den 20.09.2023 til kl. 12.00 (tidl. kl. 14.00).

Sak 10/2023 Vedtak

Kontrollutvalet tek drøfingsaker, skriv og meldingar til vitande.

Kontrollutvalet vedtek å endre tidspunkt for møtestart for møte 4 til den 20.09.2023 kl. 12.00.

Samrøystes.
